



Sterkt femkløver: Samuel Ljungbladh(f.v.), Sarah Dawn Finer, Atle Pettersen(programleiar), Marian Aas Hansen og Tore Sergei Myklebust.

**Gullrekkja med det populære programmet Beat for Beat er godt i gang med ein ny sesong på NRK1. I morgon, fredag, dukkar eit kjent ansikt opp blant deltakarane. Den utflytta uskedelingen Tore Sergei Myklebust deltar på lag med Marian Aas Hansen. Dette må ikkje uskedelingane gå glipp av fredag kl.19.55.**

Tore har livnært seg i undehaldningsbransjen stort sett heile tida sidan han flytta frå heimbygda. For å nemna noko av alt han har opplevt nemner eg at han var vokalist i orkesteret i den populære serien Skal vi danse(TV2) i sesong 2 og 3. Han har medverka både som regissør og songar i Melodi Grand Prix. Han har medverka i musikalar som Les Miserablés, Evita, Jesus Christ Superstar og I Blanke Messingen. I fleire år jobba han som kunstnarleg leiar for Wallmans.

For tida driv han produksjonsselskapet, StarWorks, saman med svenske Mattias Carlsson. Her arbeider dei for tida med mange store produksjonar. Eg nemner den internasjonale finalen i Eurovision Song Contest i Stockholm, den populære solistkonkurransen Virtuoso 2016 på NRK, produserer show for Color Line og mykje anna. Eg anbefaler å ta ein kikk innom nyheter på heimesida deira [www.starworks.no](http://www.starworks.no).

Om dei tre andre som skal delta i programmet, fortel Tore:

-Samuel er en velkjent gospelsanger fra Sverige, men begynner å få et marked her i Norge også.

Sarah er en av Sveriges største stjerner om dagen. Hun jobbet som programleder i Melodifestivalen, slipper egne album og spiller musikal. Jeg har jobbet med henne på Carola-turné i 1999 samt i gospelkoret One Voice i Stockholm.

Marian og jeg er venner privat og vi har kjent hverandre i mange år og har bl.a.gjort et Abba-show sammen i Oslo.

Det er eit flott og dyktig firkløver som skal underhalda oss saman med den nye programleiaren, Atle Pettersen, og dei to pianistane i beste sendetid fredag. Og for mange dukkar det kanskje eit kjent ansikt til opp på TV-skjermen. Den 9 år gamle sonen til Tore, Nicolai, var nemleg i studio under innspelinga av programmet. For bestefar hans i Korsnes og andre vert det eit høgdepunkt om dei får sjå han i det populære programmet.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland